



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styreseminar og styremøte

**Vinjar og Raulandsakademiet, Vinje,
torsdag 18. og fredag 19. juni 2015**

Til stades

Grete Riise (fungerande leiar), Georg Arnestad, Sigrun Høgetveit Berg, Brit Bildøen, Jon Østbø, Stina Aasen Lødemel, Gaute Øvereng (styreseminar), Geir S. Netland (styreseminar), Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (styreseminar), Ottar Grepstad (sekretær)

Forfall

Lodve Solholm, Mona H. Hellesnes

Sakliste

Konstituering

- 17/2015 Innkalling og sakliste
- 18/2015 Godkjenning av protokoll

Saker til orientering

- 19/2015 Referatsaker
- 20/2015 Aktuelle saker
- 21/2015 Personalsaker

Vedtaksaker

- 22/2015 Rekneskap januar–april 2015
- 23/2015 Vinje-senteret: overtakingsavtale
- 24/2015 Språksamlingane og Norsk Ordbok: søknad 2016
- 25/2015 Basisutstillingane i Aasen-tunet og Hauge-senteret
- 26/2015 Langtidsplan butikk 2016–2019
- 27/2015 Diktkammeret.no
- 28/2015 Prioriterte forfattarar ved innkjøp
- 29/2015 Mogleg bortkomen gjenstand

30/2015	Institusjonsnamn på engelsk
31/2015	Visjon og strategi 2016–2019
32/2015	Møteplan 2016
33/2015	Vedtektsendring: godtgjersle verv
34/2015	Høyringsfråsegn om ny støtteordning for vekeaviser
35/2015	Endringar i rombruk
36/2015	Pensjonsordning direktør
Drøftingssaker	
37/2015	Resultatvurdering vårsesongen 2015

På føremiddagen 18.6. hadde styret ei synfaring frå Rauland via Vesaas-parken i Åmot, Midtbø og Vesaas til Mjonøy før siste stopp på Vinjar. Derifrå var det synfaring til Vinjestoga med Aasmund Nordstoga. Styret hadde full gjennomgang av Vinjar og Vinje skule.

Til lunsj 18.6. på Vinjar var ordførar, rådmann, ass. rådmann og rådsmedlem gjester. Ved middag 18.6. i Gardsjordstoga på Raulandsakademiet var leiar i Vinje-jubileet og rådsmedlem gjester.

Styreseminar

Dei neste store tiltaka i nynorsk skriftkultur

Vinjar i Vinje 18.6.2015

Arrangør

Nynorsk kultursentrum

Inviterte deltakarar

Styre og daglege leiarar i Nynorsk kultursentrum

Daglege leiarar i Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret (*forfall*) og Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Leiar Noregs Mållag

Møteleiar

Fungerande styreleiar Grete Riise

Sakspapir

Hundreårserklæringa 5.8.2013

Språkfakta 2015: 33 tabellar i beta-versjon til intern bruk

Program

12.00 Lunsj

13.15 Opning

Språkfakta 2015 – oppnådde resultat og uløyste oppgaver

Ottar Grepstad, direktør Nynorsk kultursentrum

13.45 Våte nynorskdraumar i eit 25-årsperspektiv

– resultat, situasjonsanalyse, eigen rolle, alliansar, endringsbehov

Edmund Austigard, forlagsdirektør Det Norske Samlaget

Marit Aakre Tennø, leiar Noregs Mållag

Vidar Høviskeland, dagleg leiar Landssamanslutninga av nynorskkommunar

14.45 Samtale i retning av tre spørsmål:

1 Kva treng nynorskbrukarane som manglar i dag?

2 Kva er det vi som institusjonar og miljø kan gjere noko med?

3 Korleis bør nynorskmiljøet eventuelt endrast?

16.00 Konklusjonar for oppfølging

Fungerande styreleiar Grete Riise, Nynorsk kultursentrum

16.15 Mat

Konstituering

17/2015 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

18/2015 Godkjenning av protokoll

Vedtak

Protokoll frå styremøte 25.2.2015 er godkjend.

Saker til orientering

19/2015 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

20/2015 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

21/2015 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

22/2015 Rekneskap januar–april 2015

Vedtak

Styret tek rekneskapen januar–april 2015 til vitende.

23/2015 Overtakingsavtale Vinje-senteret

Vedtak

Direktøren fullfører framlegg til overtakingsavtale på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet og tek framlegget med i den prosjektplanen som blir lagt fram ved årsskiftet.

24/2015 Språksamlingane og Norsk Ordbok

Vedtak

Styreleiar og direktør fullfører søknad om prosjektmidlar til Norsk Ordbok i 2016 på grunnlag av saksførelegg, dokument i saka og drøftinga i møtet.

25/2015 Basisutstillingane: status og vidare utvikling

Vedtak

Styret bed administrasjonen ta synspunkta frå saksførelegg og drøfting i møtet med i arbeidet med langtidsplan for utstilling og formidling i 2016, og i arbeidet med prosjektplan for Vinje-senteret.

26/2015 Langtidsplan butikkar nr. 5 2016–2019

Vedtak

Styret føreset at nettbutikken er i full, tilfredsstillande drift før 1.9.2015 og bed om revidert framlegg til butikkplan til styremøtet i september.

27/2015 Diktkammeret.no

Vedtak

1. Styret er positiv til at Nynorsk kultursentrum kan ta over Diktkammeret.no.
2. Inntil 75 000 kroner av våre egne midlar kan brukast i utviklingsprosjektet. Midlane blir først utløyste når det ligg føre minst 100 000 kroner i eksterne midlar.
3. Styret får rapport om framdrift, avvik og resultat på kvart møte til saka er avgjord og tek telefonmøte om nødvendig.

28/2015 Prioriterte forfattarar ved innkjøp

Vedtak

1. Styret sluttar seg til framlegget frå administrasjonen om kva forfattarar Nynorsk kultursentrum bør ha mest mogleg komplette boksamlingar av.
2. Styret drøftar innkjøp av forfattarar i prioriterte sjangrar i 2016.
3. Innkjøp blir tilpassa dei årlege driftsbudsjetta.

29/2015 Mogleg bortkomen gjenstand

Vedtak

Styret ventar at Romsdalsmuseet set inn ekstratiltak for å finne og avklare kva som har skjedd med gjenstand IAAM-0147 frå Ivar Aasen-samlinga og bed om skriftleg utgreiing frå Romsdalsmuseet innan 15.9.2015.

30/2015 Institusjonsnamn på framandspråk

Vedtak

Den engelske nemninga på Ulvik poesifestival er *Norwegian Poetry Festival*.

31/2015 Visjon og strategi 2016–2019

Vedtak

Styret godkjenner *Visjon og strategi 2016–2019* med dei merknadene som kom fram på møtet.

32/2015 Møteplan 2016

Vedtak

I 2016 har styret ordinære møte i Ivar Aasen-tunet 24.2., i København med styreseminar 9.–10.6., og i Ivar Aasen-tunet 30.9. og 9.12.

33/2015 Vedtektsendring: godtgjersle verv

Vedtak

1. Styret ønskjer eit tillegg til vedtektene i form av ny § 7:
Valnemnda innstiller til rådet om reglar for godtgjersle for verv i Nynorsk kultursentrum og kor store desse skal vere. Rådet gjer endeleg vedtak i saka.
2. Styret bed rådet drøfte framlegget i møte 30.9.2015. Styret gjer sitt vedtak i møte 1.10.2015 for eventuell innstilling til Kulturdepartementet.

34/2015 Høyringsfråsegn om ny støtteordning for vekeaviser

Vedtak

Styreleiaren får fullmakt til å sende høyringsfråsegn i samråd med direktøren og på grunnlag av drøftinga i møtet.

35/2015 Endringar i rombruk

Vedtak

Styreleiaren får fullmakt til å godkjenne budsjettramme for dei nødvendige utbetringane på grunnlag av drøftinga i møtet.

36/2015 Pensjonsordning direktør

Styret blei orientert om saka.

Saker til drøfting

37/2015 Resultatvurdering vårsesongen 2015

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

Godkjend av protokoll

Protokoll frå møte 19.6.2015 er godkjend i møte 1.10.2015.

Grete Riise

Sigrun Høgetveit Berg

Georg Arnestad

Brit Bildøen

Jon Østbø

Stina Aasen Lødemel

Ottar Grepstad